

## Referat frå 3. møte i delprosjekt A10 – Administrativ organisering kartlegging

**Dato:** 16.10.17  
**Tid:** 12.30 til 15.30  
**Møteleiar:** Kristian Skålhavn  
**Stad:** Rådhuset, Skodje, Skodje kommune  
**Innkalla:** Turid Hanken (Haram), Kristin Håvik Breivik (verneombod), Synnøve Vasstrand Synnes (Ørskog), Anne Berit Støyva Emblem (prosjekt Nye Ålesund), Magne Karlsen (Ålesund) og Kristian Skålhavn (Skodje)  
**Fråfall:** Ann Kristin Røyset (Sandøy), Hanne Tonning (tillitsvald)

### SAKSLISTE

#### Sak 09/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent utan merknadar.

#### Sak 10/17 Gjennomgang av utkast til oppbygging av endeleg rapport

Magne, Anne Berit og Kristian arbeida fram i eige møte 11.10.17 eit utkast til oppbygging av endeleg rapport. Anne Berit gjekk gjennom utkastet.

#### Nye moment å ta med i rapporten:

- Trendar: NIBR – rapport 2016: 20 «Kommunal organisering 2016. Redegjørelse for KMD organisasjonsdatabase»
- Frå New Public Management til New Public Governance
- Kommunane frå tenesteutøvar til facilitator
- Samlokaliseringsmodell, geografisk funksjonsdeling, desentraliserte funksjonar og servicekontor

Magne gjekk gjennom malen knytt til kartlegginga av eksisterande kommunar.

Turid vil ta opp med rådmannsgruppa og delprosjekt økonomi og vurdere malen for kartlegging. Tilbakemelding vert sendt på e-post til prosjektgruppa.

Frist for utfylling av mal er 23. oktober og vert sendt til Anne Berit.

Anne Berit vil undersøke aktuelle kommunar så tek vi ein avgjersle neste gong i høve kva for kommunar vi skal sjå nærare på basert på følgjande moment:

- Storleik geografi

- Storleik innbyggjartal og årsverk
- Kommunar som gjort spennande organisatoriske grep
- «Rykte på å vere framoverlent»
- Kommunar som representerer ulike administrativ organisering.

### **Sak 11/17 Vegen vidare**

- Kvar kommune fyller inn kartlegging for sin kommune og sender Anne Berit med frist 23.10.17
- Turid kontaktar delprosjekt økonomi og delprosjekt personal vedrørende detaljnivå i vedlegg
- Anne Berit finn fram organisasjonskart for kommunane som er aktuelle å sjå nærare på i høve organisering og evt. besøke. Karta vert sendt prosjektgruppa og kvar av dykk vel deretter ein eller fleire kommunar de vi sjå nærare på.
- Magne ser litt meir på organisasjonsteori om modellar
- Synnøve, Turid og Anne Berit tek opp i rådmanngruppa på tysdag 17.10.17 kva kommunar dei føretrekk at vi går nærare inn på, samt dato for levering og høve tidsmessig til SWOT - innspelsprosess i leiargruppene i kommunane

### **Sak 12/17 Eventuelt**

#### Sak 12/17.1 Endring av møtetidspunkt

Alle møter i delprosjektet startar kl. 12.30 frå no av. Anne Berit endrar innkalling.

Skodje, 16.10.17

Kristian Skålhavn